



6 Barn, familie og helse

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	6 BARN, FAMILIE, HELSE	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2023	2023	2023	2022
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	235	251	251	114
2111	STYRKA TILBOD TIL FØRSKOLEBARN	439	1 092	1 092	904
2120	GRUNNSKOLE	2 645	2 490	2 490	2 509
2130	VAKSENOPPLÆRING	113	283	283	201
2320	FØREBYGGING HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTE	7 020	6 908	6 908	5 713
2330	FOREBYGGANDE ARBEID, HELSE- OG SOSIAL	887	758	758	756
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	1 660	1 260	1 260	1 141
2410	DIAGNOSE OG BEHANDLING	14 934	14 557	14 557	14 969
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	5 997	5 221	5 221	5 650
2412	PSYKISK HELSEVERN	560	1 085	1 085	1 342
2420	SOSIAL RÅDGJEVING OG VEILEDNING	- 134	- 72	- 72	- 140
2421	FLYKTNINGKONTOR	4 025	3 620	2 720	3 154
2440	BARNEVERNTENESTE	7 795	7 382	7 382	6 817
2510	BARNEVERNTILTAK I FAMILIEN	2 136	3 006	3 006	2 479
2520	BARNEVERNTILTAK UΤANFOR FAMILIEN	7 289	5 659	5 659	4 285
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	2 448	2 556	2 556	2 542
2750	INTRODUKSJONSORDNINGEN	4 068	3 888	2 388	1 371
Sum gruppeansvar: 6 BARN, FAMILIE, HELSE		62 117	59 944	57 544	53 807

Økonomi

Rekneskap for ramme 6, Barn, familie og helse, viser eit meirforbruk med kr 2 173 000 ut frå endra budsjett. Ramme 6 fekk tilført kr 2,4 mill gjennom budsjettendring ila året, dette grunna auke i tal flyktningar frå 15 til 43.

Årsak til meirforbruk er knytt til institusjonsplassering barnevern kr 1,6 mill, høgare utgifter til mottak av flyktningar enn budsjettet og bruk av vikarlege.

Oppvekstreforma/barneversreforma tredde i kraft frå 1.1.2022. Kommunen har fått ansvar for institusjon og fosterheimsarbeid som barneverntenesta må handtere, ut over det ligg reforma til heile organisasjonen å følgje opp. Det krev mellom anna tett samarbeid mellom ei rekke tenester. Mange av oppgåvene vert løyst gjennom satsinga Betre tverrfagleg samhandling (BTS).

Kommunestatistikken viser at 28% av innbyggjarane i Giske kommune er mellom 0-20 år. Det er framleis nasjonal satsing på helgestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste. Desse tenestene søker vi tilskot til frå stat for å styrke bemanninga. Betre tverrfagleg samarbeid (BTS) er eit

overordna satsingsområde i Giske kommune. Prosjektet vert finansiert gjennom tilskot frå Bufdir. Arbeidet er forankra både politisk og administrativt. Arbeidet skal treffe fleire lovkrav og reformer som er retta til kommunen å handtere. Kommunen vil framover ha stort fokus på tidleg innsats og førebyggande arbeid til barn og unge ein er bekymra for.

Giske kommune deltek i interkommunalt samarbeid og kjøper tenester hjå andre kommunar knytt til legevakt natt, barnevernvakt, krisesenter og overgrepsmottak.

Kommunen har fått tilført nye og fleire oppgåver dei siste åra. Det følgjer ikkje alltid med økonomiske midlar til å gjennomføre oppgåvene, kommunen må handtere dette med eksisterande ressursar. Tenestene gir tilbakemelding om stor arbeidsmengd og slitasje over tid.

Fastlegeordninga, som er krevjande i mange kommunar i landet, har vore stabil i Giske kommune i 2023. Legesenteret hadde ein kort periode innleigd vikarlege.

Driftstiltak 2023:

- Halde stilling vakant 10 mnd, psykolog.
- Oppretting 20 % barnekoordinator
- Auke i utgifter til fastlegeordninga
- Flyktning, Ukraina. Fellestiltak med ramme 4 og 5.
- Samhandling for rette tenester. Fellestiltak med ramme 5, 4 og 7.

Tiltaka vart gjennomført, tiltak om barnekoordinator som er under arbeid.

Dei største utfordringane for eininga i 2023:

- Fleire stillingar i tenestene har stått vakante i store deler av året for å nå målet om innsparing. Dette har ført til stor belastning på tilsette og leiarar. Særleg i tenesta PPT.
- Rekruttere og behalde fagpersonell.
- Mottak, busetting av nye flyktningar.
- Sjukefråvær, 13% i 2023. Fører til auka slitasje i tenestene.
- Styrke den tverrfaglege og koordinerte innsatsen til utsette barn og unge.

Styringskort

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2023
Brukarar	Opplevd god kvalitet i barnevernstenesta	Brukundersøking. Halde snitt i Noreg innan andel barn med barnevernstiltak. 4 avviksmeldingar kvart år som gjeld saksbehandling	Under arbeid.
	Ei god fastlegeordning	Rekruttere og behalde fastleggar. Ledig kapasitet på fastlegelistene.	Full fastlegedekning. Kommunen har etablert ny fastlegeheimel,
	Betre koordinerte tenester	Utarbeide retningslinjer for hjennomføring av tverrfaglege møter og koordinatorrolla. Delta og følgje opp arbeid i prosjekt "Betre tverrfagleg innsats" (BTI). Felles digitalt verktøy for individuell plan og individuell opplæringsplan.	Kommunen har i nytt digitalt samhandlingsverktøy, DIPS. Verktøyet er under utrulling. Arbeid med etablering av ny avdeling samhandling og koordinering. Tilsetting av leiar. BTI under utrulling. Etablert Samhandlingsteam for god oppvekst, innsatsteam. Plan for førebygging er vedteke.
	Digitale søknader til omsorgstenestene	Digital søknad er på plass innan 2023	Målet er ikkje nådd, Kommunen har fått på plass SvarUT, som gjer det mogleg å sende digitale svar ut. Jobbar vidare med digitalt skjema.
	Oppvekstreforma/barnevernsreforma tredde i kraft frå 1.1.2022. Gode system for å fange opp tidleg tegn på skeivutvikling.	Internkontrollsysteem som viser korleis vi handler ved bekymring.	BTI modellen er innført og Plan for førebygging av omsorgssvikt vart vedteken haust -23. Etablert samhandlingsteam for god oppvekst og innsatsteam i barnehagane. Samhandling og koordinering, overordna arbeid pågår.
Medarbeidarar	Kompetanseutvikling i alle tenester	Kompetanseplan	Under arbeid.

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2023
Økonomi	Sjukefråvær skal ikkje overstige 5% Effektivisere drifta i eininga. Kontinuerleg forbetring. God økonomistyring	Følgje opp fråværs-statistik, rapporteringar. Setje iverk tiltak. Samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Avvik i % av netto driftsramme. Levere rapport kvar månad	Målet ikkje nådd. Sjukefråveret i eininga i 2023: 13% Kontinuerleg arbeid. Regnskapet for 2023 viser eit avvik meirforbruk 3,6%

Oversikt tal årsverk i eining Barn, familie og helse

Teneste	2020	2021	2022	2023	Merknad
PPT, logoped	3,8	4,3	4,3	4,3	Logoped 30%
Helsestasjon, jordmor	10,3	10,3	10,3	9,6	
Legestenesta	2,58	2,58	2,58	2,13	5 tilsett, 11 fastlegeheimar, 1 LIS-1-lege
Fysio/ergo/kveldagsrehab/velferdstekn.	6,6	6,6	6,6	6,9	
Psykisk helseteam barn og unge	2	2	2	1	1 psykolog i permisjon
Barnevernstenesta	7	7	8	7	
Tildelingskontor	3,8	3,8	3,8	3,8	
Flyktningstenesta	1	1	2,5	2,5	Auka 1,5 grunna auka mottak av flyktningar Ukraina
Totalt årsverk	36,98	37,48	39,68		

Berekraftsmål

Berekraftsmål 3: God helse og livskvalitet. Eininga har sett i verk ulike rutiner og retningslinjer og følgt nasjonale krav og føringer. Giske kommune har god dekking av allmenne helsetenester. Kommunen samarbeider med Helseføretaket, politiet og kommunane rundt for å møte utfordringar på best måte. Giske kommune har eit godt samarbeid med Giske kommunale legesenter for å yte best mogleg samanhengande tenester.

Berekraftsmål 17: Samarbeid for å nå måla. Prosjekt "Betre tverrfagleg samhandling" er viktig arbeid mellom oppvekst, helse og omsorg. Elles samarbeider tenestene både internt i eininga og med tenester i andre sektorar.

Kostratal 2020

Kostratal vert presentert under tenesteområda.